

Svar frå dei politiske partia i Sogn og Fjordane på spørsmål frå Kystvegen Ålesund Bergen 31. aug 2011

Spørsmål	Svar frå KRF 24/8- 2011	Svar frå AP 25/8
Er ditt parti samd i at Kystvegen er det viktigaste av dei fylkesvegar som endå manglar i Sogn og Fjordane?	KrF har programfesta at den skal byggast.	Ja
Er ditt parti villig til å prioritere kystvegen i komande planperiode?	Ja	Ja
Vil ditt parti prioritere ei fylkeskommunal løyving som vil gjere det mogeleg med ei delvis brukarfinansiert realisering av kystveg mellom Florø og Måløy? ("45 min regionen"?)	Fylkeskommunale midlar må på plass, i tillegg til brukarfinansieringa.	Ja
Vil ditt parti medverke til å realisere eit samband over Førdefjorden så snart som råd etter at Dalsfjorbrua er på plass?	Kystvegen må krysse Førdefjorden og sambandet må vere med i neste prioritering.	Idag er dette ei sak som ikkje er behandla i Arbeiderpartiet si gruppe. Vi vil gå inn for å få dette utgreidd slik at vi kan ta stilling til eit slikt samband når vi har kostnadskalkyler, prognoser for trafikktalet og andre relevante opplysningar på bordet. Som ein del av Kystvegen er det viktig å få til ei god løysing.
Alle løyvingar til riksvegar vil i komande år gå til E39 og riksvegar aust for E39. Ingen riksvegmidlar kjem i kystkommunane. Er ditt parti einig i at det rimeleg at kystregionen no vert prioritert når det gjeld løyvingar til fylkesvegar?	KrF meiner at Kystvegen er viktig for utvikling og verdiskaping i eit område med stort potensiale. Det er både rimeleg og riktig at kysten vert prioritert med betre vegsamband Nord – Syd.	At det ikkje er eit samanhengande nord-sør samband langs kysten av Sogn og Fjordane viser klart at det er nødvendig å prioritere fylkesvegsamband her. Vi er glad vi nærmar oss fullføring av Bremanger II og realisering av Dalsfjordbrua som viktige ledd i å gjere noko med dette. Dette er vegprosjekt Arbeidarpartiet har gått i bresjen for å få gjennomført. Arbeidarpartiet var dessutan pådrivar i fylkestinget for å sikre at parsellen Leirgulen - Bortnen vert fullført samstundes med resten av Bremanger II sambandet. Gjennom våre svar på spørsmåla over håper eg de tydeleg ser at vi er villige til å prioritere løyvingar til kystregionen framover også.

Spørsmål	SV	Kristent samlings parti	Samfunns demokratane	Kystpartiet
Er ditt parti samd i at Kystvegen er det viktigaste av dei fylkesvegar som endå manglar i Sogn og Fjordane?	Ja	Ja	Ja	Kystpartiet er samd i at kystvegen er den viktigaste vegen som manglar i Sogn og Fjordane. Me programfesta den alt i 2007 til fylkestingsvalet
Er ditt parti villig til å prioritere kystvegen i komande planperiode	Ja	Ja	Ja	Kystpartiet har prioritert kystvegen i 2009 med ekstraordinære midlar. Me vil omprioritere dei 25 mrd som no vert kasta vekk på ei månelanding på Mongstad
Vil ditt parti prioritere ei fylkeskommunal løyving som vil gjere det mogeleg med ei delvis brukarfinansiert realisering av kystveg mellom Florø og Måløy? ("45 min regionen"?)	Ja	Ja	Ja. Fylket kan ikkje bere denne store investeringa åleine.	Kystpartiet er prinsipielt mot bompengar. Med vår finansiering er bompengar unødvendig.
Vil ditt parti medverke til å realisere eit samband over Førdefjorden så snart som råd etter at Dalsfjorbrua er på plass	Ja, men dette vil vere liggje ein god del år fram i tid, og krevje ein del utgreiingsarbeid før vi kan gjere eit vedtak.	Ja	Ja, vi ser det som ei naturlig forlenging av Dalsfjorbrua. Vi meiner at når vi først har byrja på noko, så må det gjerast ferdig.	Kystpartiet meiner at vidare planlegging og fullføring av kystvegen må starte umiddelbart og før Dalsfjorbrua er ferdig
Alle løyvingar til riksvegar vil i komande år gå til E39 og riksvegar aust for E39. Ingen riksvegmidlar kjem i kystkommunane. Er ditt parti einig i at det rimeleg at kystregionen no vert prioritert når det gjeld løyvingar til fylkesvegar?	Ja	Ja	Ja. Kystvegen er mellom dei prosjekta vi vil prioritere.	Kystpartiet meiner at kystregionen er forsømt. Derfor går me inn for ekstraordinære midlar til finansiering. Ved vanlege løyvingar til fylkesvegar vil det ta 50 år å få bygd kystvegen-

Spørsmål	SP	Frp
<p>Er ditt parti samd i at Kystvegen er det viktigaste av dei fylkesveggar som endå manglar i Sogn og Fjordane?</p>	<p>Senterpartiet har prioritert og vil prioritere Kystvegen.</p>	<p>Ja. Kystvegen er det desidert viktigaste infrastrukturtiltaket vi kan realisere for å skape vekst og utvikling i heile fylket. Kysten er vediskapingsmotoren i fylket og må satsast på. FrP har stått i fremste rekke for å setje fokus på kystvegen og det vil vi framleis gjere.</p>
<p>Er ditt parti villig til å prioritere kystvegen i komande planperiode?</p>	<p>Ja i komande periode er to parsellar av kystvegen prioritert. Det er Dalsfjordsambandet og Bremanger II, inkludert utbetring av Leirgulen – Bortne som vart prioritert opp med 40 mill for å få ei samanhengande framdrift. Desse prosjekta binde opp dei fylkeskommunale løyvingane i komande periode. Deretter prioriterer Senterpartiet Olden – Innvik. Vi vil ta opp lån og betale ned med lokale inntekter for å utbetre vegen raskare for å unngå store problem som vil komme når Kvivsvegen opnar.</p>	<p>FrP har desverre tapt i Fylkestinget, dei gongane vi har føreslege å prioritere Kystvegen, og spesielt 45-minuttsregionen. Vi vil likevel framleis foreslå å sette Kystvegen høgare på prioriteringslista i komande periode. Også på bekostning av prosjekt som i dag er forran på prioriteringslista. FrP fekk i vår fleirtal for vårt forslag om at fylkeskommunal finansiering skal vurderast i samband med rullering av fylkesvegplanen.</p>
<p>Vil ditt parti prioritere ei fylkeskommunal løyving som vil gjere det mogeleg med ei delvis brukarfinansiert realisering av kystveg mellom Florø og Måløy? ("45 min regionen"?)</p>	<p>Senterpartiet meiner 45 min regionen er eit av dei viktigaste regionale sambanda som endå ikkje er ferdig. Difor vil Senterpartiet arbeide for at det vert etablert ei ordning med rentefritt lån, nedbetalt med bompengar. Vi vil bruke 45 minuttsregionen som ein pilot for ei ny finansieringsordning. Dette vil vere den raskase måten å realisere 45 min regionen på. Det kom positive signal frå fleire stortingsrepresentantar i panelet på Kystvegkonferansen i Vanylven. Saka vert tatt opp med samferdsleminister Magnhild Meltveit Kleppa som kjem til fylket komande veke.</p>	<p>FrP vil prioritere ei fylkeskommunal fullfinansiering av 45-minuttsregionen, utan bompengar. Brukarane har allereie betalt vegen over skatteseddelen, og det er frekt å be brukarane betale den ein gong til.</p>
<p>Vil ditt parti medverke til å realisere eit samband over Førdefjorden så snart som råd etter at Dalsfjordbrua er på plass?</p>	<p>Senterpartiet står på den vedtekne fylkesvegprioriteringa. Der er det fleire kystprosjekt. Senterpartiet vil lytte til kystkommunane sine samla råd vedkomande vidare prioritering på Kystvegen.</p>	<p>Ja. Einaste måten til å få ein regional effekt av Dalsfjordbrua, er at vidare samband vert realisert så snart som råd.</p>
<p>Alle løyvingar til riksveggar vil i komande år gå til E39 og riksveggar aust for E39. Ingen riksvegmidlar kjem i kystkommunane. Er ditt parti einig i at det rimeleg at kystregionen no vert prioritert når det gjeld løyvingar til fylkesveggar?</p>	<p>Kystregionen vil få alle fylkesvegmidlande til store fylkesvegprosjekt på vel 1,5 mrd fram til 2014. Det står vidare fleire kystprosjekt på den vedtekne prioriteringslista.</p>	<p>Ja. Så lenge store deler av fylket får realisert vegprosjekt gjennom stamvegmidlar, er det viktig at vekst- og utviklingspotensialet i kystkommunane vert utnytta og prioritert gjennom fylkeskommunale vegmidlar.</p>

Spørsmål	Venstre	H
Er ditt parti samd i at Kystvegen er det viktigaste av dei fylkesvegar som endå manglar i Sogn og Fjordane?	Ja,	Ja
Er ditt parti villig til å prioritere kystvegen i komande planperiode?	Ja	Ja
Vil ditt parti prioritere ei fylkeskommunal løyving som vil gjere det mogeleg med ei delvis brukarfinansiert realisering av kystveg mellom Florø og Måløy? ("45 min regionen"?)	Ja	Vi ønskjer å realisere 45-minuttsregionen så snart som mogleg, og i fylkestinget vil vår gruppe arbeide vidare med den fylkeskommunale delen av dette spleiseslaget. Men i tillegg har Høgre sentralt, som det einaste partiet, forplikta seg til å løyve 200 millionar kroner til prosjektet. Det krev to ting. Det eine er at vi aksepterer brukarfinansiering slikt vertskommunane Flora, Bremanger og Vågsøy har gått inn for, og den andre er at fylkestinget vedtek å prioritere prosjektet.
Vil ditt parti medverke til å realisere eit samband over Førdefjorden så snart som råd etter at Dalsfjorbrua er på plass?	Vi synest at det er viktigast å få veg. Vi kan nok greie oss med ferjer på nokre strekninger. Vi har prioritert Atløy-sambandet når det gjeld ferjeavløysingsmidlar i vårt program (utrekninger viser at det lønner seg for Fylkeskommunen å bygge dette).	Ja. Førdefjorden er faktisk den einaste fjorden i landet som ikkje kan kryssast ved verken ferje, bru eller tunnel. Inntil Kystvegen kjem vil vi knyte saman det eksisterande rutetilbodet i Florabassenget med Askvoll Kommune. Det er viktig at fylkeskommunen som ruteeigar utvidar eksisterande rutesamband til å i større grad knyte kommunane saman.
Alle løyvingar til riksvegar vil i komande år gå til E39 og riksvegar aust for E39. Ingen riksvegmidlar kjem i kystkommunane. Er ditt parti einig i at det rimeleg at kystregionen no vert prioritert når det gjeld løyvingar til fylkesvegar?	Vi synest at Kystvegen er svært viktig både for utviklinga på kysten, men og for utviklinga i heile Sogn og Fjordane. Vi vil jobbe for eit spleiselag for å få denne realisert.	Ja